



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 29.08.2023

Møtestad:

Møtetid: 09:30 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	Meldt forfall
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2023	Godkjenning av møteprotokoll
015/2023	Orienteringsaker
016/2023	Søknad om tilskot frå næringsfondet til etablering av nettbutikk

Notat frå møtet:

013/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

014/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

015/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Ass. rådmann orienterte om status for arbeidet med revidering av strategisk næringsplan. Det er mellom anna utarbeida skjema for rapportering av tilskot/lån frå næringsfondet som vert sendt ut til alle mottakarar. Det er vidare vurdert i kor stor grad ein ønsker å endra på noverande plan, og arbeidsgruppa ser vidare på koblinga mellom strategisk næringsplan, retningslinja for særskilde tiltak for landbruket og vedtektene for næringsfondet.

Det er vurdert å skyve på framdriftsplanen og legge opp til politisk handsaming av planen til neste valperiode, slik at revidert strategisk næringsplan får forankring og eigarskap i kommunestyret for den komande perioden.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

016/2023: Søknad om tilskot frå næringsfondet til etablering av nettbutikk

Behandling:

Næringsfondsstyret drøfta søknaden og tilskotsramma. Det er vurdert at tiltaket faller innunder kategori 3 som gjev samla stønad inntil 50 % av kostnadene knytt til etableringa.

Vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 74 500,- i tilskot frå næringsfondet til IGold Peykov til etablering av nettbutikk.

Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskot skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.
 2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med stønad og vedtak.
 3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
 4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve den tida som er gått. Tilskotsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
 5. Tilskotsmottakarar skal rapportere til Modalen kommune om bruk og nyttegevinstar av tilskotet. Rapportering skal skje innan 1 år etter motteke tilskot.
 6. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har forretningsadresse i Modalen kommune.
-